



Møtebok

Arbeidutvalet i Villreinnemnda for Setesdalområdet

Telefonmøte

12. september 2016, kl.08.30-09.45

Faste medlemmar til stades:

Tommy Vatslid	Nestleiar	Bykle
Margit Smeland	Leiar	Åmli
Lill Synnøve Laugaland	Arbeidsutval	Hjelmeland
Mona Riis	Arbeidsutval	Kviteseid

Faste medlemmar ikkje til stades:

Torbjørn Fjermestad	Arbeidsutval	Gjesdal
---------------------	--------------	---------

Frå administrasjon:

Jarle Lunde, sekretær

Tor Pundsvik, Fylkesmannen i Agder

Sakliste

Sak 19/16 Uttale til Kommunedelplan for stiar og løyper i Vinje kommune

Sak 20/16: Referatsaker/Eventuelt

Sand 12.09.2016

Jarle Lunde

Sekretær



Sak 19/16

Uttale til Kommunedelplan for stiar og løyper i Vinje kommune

Utval	Møtedato	Sakshandsamar:
Arbeidsutvalet i Villreinnemnda	12.09.16	Jarle Lunde

Bakgrunnsdokument

- [Sak høyring](#)
- [Forslag til kommunedelplan for stiar og løyper i Vinje kommune](#)
- [Forslag til avtaler om bruk av utmark i Vinje kommune](#)

- [Kart: Sykkelruter](#)
- [Kart: Ski løyper](#)
- [Kart: Stiar](#)

- [Heiplanen](#)

Bakgrunn

Vinje kommune har lagt ut eit forslag til kommunedelplan for stiar og løyper i Vinje kommune med høyringsfrist 13. september.

Bakgrunnen for arbeidet med ein kommunedelplan for stiar og løyper er behov for heilskapleg og oppdatert oversikt over eksisterande og framtidig tilrettelegging for stiar og løyper. For ein reiselivs/hyttkommune av Vinje sin storleik er også løypenettet blivе viktig infrastruktur, som ein del av tilbodet. Ein har ikkje tidlegare hatt eit samla oversyn over gjeldande stiar og løyper innanfor Vinje kommune sine grenser. I samband med høyringa ynskjer ein innspel på aktuelle, nye. Planprosessen skal munne ut i ein temaplan for stiar, skiløyper og sykkelløyper med kart, der det er ei heilskapleg og oppdatert oversikt over eksisterande stiar, løyper og moglege sykkelløyper.

Føremål og målsetting

Frå planutkastet: «Sterk vekst i utbygging av fritidseiningar aukar presset på løypenettet og

løypenettet er ein viktig del av infrastrukturen og tilbodet. Eit velutvikla løypenett gir gode naturopplevingar og er helsefremmande for fastbuande og tilreisande. Som Noregs største villreinkommune, skal vi arbeide for å oppretthalde og å utvikle eit attraktivt løypenett, men som balanserast mot miljøomsyn og dei viktige leveområda for villrein.

Eit godt utbygd løypenett vil forhindre mykje av trafikken utanfor løyper og inn i sårbare område. Dette skal vi få til ved å kanalisere ferdsel når nye trasear skal planleggjast og dermed styre trafikken vekk frå viktige område for villreinen.»

Tidligare uttale frå Villreinnemda

I samband med uttale til Kommunedelplan for Vågslid hadde Villreinnemda (28.08.13) følgjande merknad til utarbeiding av ein sti og løypeplan:

«Ved utarbeiding av kommunal sti- og løypeplan må kommunen vera særleg varsam med å legge til rette for auka ferdsel i trekkorridor i nord-vest, samt mot sentrale villreinområde mot nord og sør. Ein kommunal sti- og løypeplan bør utarbeidast før regulering av nye felt tek til.»

Undervegs i planprosessen har Villreinnemda lagt fram synspunkt i møte med kommunen.

Vurdering

Villreinnemnda uttalar seg i forhold til villreininteresser. Jfr § 21 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt skal nemnda arbeida for ei langsiktig berekraftig forvaltning av villreinen og villreinen sine leveområde.

Internasjonalt ansvar

Villrein er ein ansvarsart for Norge. Gjennom Bern-konvensjonen har me teke på oss ei plikt til å ta vare på villreinen. I dag utgjer villreinen i Norge siste rest av denne arten i Europa, og stammen i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei er den sørlegaste førekomsten. Den generelle samfunnsutviklinga har ført til ein aukande fragmentering av villreinen sine leveområde, ikkje minst i dei nemnde områda.


Vinje er Noregs største villreinkommune. Det er difor godt å sjå at villrein har fått god plass i planomtalen.

Villreinen i området


Vinje kommune har viktige funksjonsområder både i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiene (SVR) og på Austheia. Villreinbestanden i nordområdet av SVR ligg no på om lag 2200 dyr, noko som er litt over bestandsmålet på 2000 dyr (Bestandsplan 2014-2018).

På Austheia er det for tida stor usikkerhet knyt til storleiken til bestanden. I avskyttingsplanen for 2016 vart antal dyr rekna til å vere om lag 1200 vinterdyr. Bestandsplan legg opp til at det skal vere 1500 dyr. GPS-merkeprosjektet har vist at dyra held til nord i området om vinteren og i sør om sommaren.


Kart 1 og 2 under viser GPS-posisjonar frå merka villrein i Setesdal-Ryfylke og i Austheia. Kart 3 viser leveområde, blant anna viktige trekkområde mellom Austheia og Setesdal Vesthei, og mellom Setesdal Vesthei og Hardangervidda.



Kart 1. GPS-posisjonar frå merka villrein i Setesdal-Ryfylke. Kilde: Dyreposisjonar.no



Kart 2: GPS-posisjonar frå merka villrein i Setesdal-Austheia. Kilde: Dyreposisjonar.no



Kart 3. Leveområde for villrein

Forholdet til regional plan - Heiplanen

Når det gjeld sti og løypeplan gir Heiplanen (side 18) desse retningslinjene for nasjonalt villreinområde.

- *Oppkjørte og merkede skiløyper i høyyfjellet skal legges utenom viktige vinterbeiteområder for villrein, jfr. temakart for villreinens leveområde, og skal som hovedregel legges utenfor NVO. På Austheia kan det tillates løyper i NVO etter avklaring i forhold til villreininteressene. Eksisterende løyper i NVO kan opprettholdes men skal vurderes i forhold til periodevis stenging for å ta hensyn til villreinens bruk av området.*
- *Det skal ikke legges nye stier og tilrettelegges for organiserte sommeraktiviteter i sommerbeiteområder for villrein.*
- *For utviding/forbedring av eksisterende eller nye hytte-/turistområder, skal det godkjennes sti- og løypeplan før bygging starter.*
- *Etablerte og merkede stier og løyper (merket av DNT, kommuner eller andre) som er eller kommer i konflikt med viktige funksjonsområder for villrein, skal forsøkes lagt om med sikte på mindre konfliktfylte traseer.*

I hensynssone villrein er det viktige leveområde. Her gjelder i stor grad dei same retningslinjene som i NVO, men det kan likevel tillates noe meir aktivitet. I denne hensynssona kan kanaliseringstiltak for friluftsliv leggast, og det er lagt opp til en differensiert forvaltning.

Retningslinjer for hensynssone trekkområder seier at det så fremt det er mulig, ikkje tillates aktivitet som fører til unødvendig forstyrring når reinen trekker.

Sti og løypeplanen gir ein kartoversikt over eksisterande [Sykkelruter](#), [Ski løyper](#) og [Stiar](#). Jfr Heiplanen kan desse oppretthaldast, men det kan vurderast periodevis stenging for å ta omsyn til villreinens bruk av området.

I kva grad ei løype er i konflikt med villreinsinteresser vil variere alt etter omfang av bruk, landskap og kva tid på året bruken skjer. Sakshandsamar saknar ein omtale av dagens løyper og omfanget av bruk. Når det ikkje er gjort gitt er det grunn til å stille nokre sentrale spørsmål:

- Tek dagens løypenett i Vågslid høgde for den betydelige veksten i antal hytter og folk som kommunedelplanen her legg opp til?
- Er det i dag konfliktar mellom villrein og eksisterande turbruk?

Kva så med nye stiar, skiløyper og sykkelløyper i Vinje? Kommunen ber om innspel til nye løyper i samband med høyringa. Følgande kriterier blir lagt til grunn i sti og løypeplanen:

- *Ved etablering av nye stiar, skiløyper og sykkelløyper, skal kommunen uttale seg.*
- *Nye stiar, skiløyper og sykkelløyper skal leggjast i tilknytning til t.d. hyttefeltet eller skianlegga*
- *Nye stiar, skiløyper og sykkelløyper skal i all hovudsak følgje dalbotn*
- *Kommunen kan stenge eller stanse oppkjøring av løyper dersom det er fare for konflikt med villrein.*

Retningslinjene er i tråd med Heiplanen. Sakshandsamar er samd i kriteriene og bakgrunnen for dei med følgjande merknader:

- Nye forslag til løyper må handterast grundig av kommunen. Når det gjeld villrein innebereg det at blant anna at Villreinnemda med fleire får gitt uttale til stiar, skiløyper og sykkelruter som er planlagd i villreinen sine leveområde.
- Eit godt utbygd løypenett vil i stor grad kunne kanalisere ferdsel. Dette vil forhindre mye av trafikken utanfor løyper og inn i sårbare område for villreinen. Dette betinger at det blir gitt god informasjon/marknadsføring av eksisterande og nye løyper. Når det gjeld informasjon om villrein kan det eit samarbeid med Statens naturoppsyn vere aktuelt.

Framlegg til uttale

Ein sti og løypeplan er eit viktig verkemiddel for å ivareta villreinområda. Villreinnemda ser det som svært positivt at kommunen har utarbeida ein slik plan. Den fremmer gode målsettingar og retningslinjer for å lokalisere ferdsel i forhold til villrein.

Utover dette har Villreinnemda følgjande merknader:

- Villreinnemda saknar ein omtale av dagens løyper og omfanget av bruk. Dette er viktige data for å kunne vurdere behovet for nye løyper og dermed kanalisering av ferdsel. Noverande bruk er og viktig for å vurdere eventuelle konfliktområde mellom ferdsel og villrein.
- Nye forslag til løyper må handterast grundig av kommunen. Når det gjeld villrein innebereg det at blant anna at Villreinnemda med fleire får gitt uttale til stiar, skiløyper og sykkelruter som er planlagd i villreinen sine leveområde.

- Eit godt utbygd løypenett vil i stor grad kunne kanalisere ferdsel. Dette vil forhindre mye av trafikken utanfor løyper og inn i sårbare område for villreinen. Dette betinger at det blir gitt god informasjon/marknadsføring av eksisterande og nye løyper. Når det gjeld informasjon om villrein rår villreinnemda til at kommunen samarbeider med Statens naturoppsyn.

Saksprotokoll, Arbeidsutvalet

Arbeidsutvalet stiller seg bak framlegg til uttale, men ønskjer å tilføre to punkt:

1. Setesdal Vesthei og Austheia er frå naturen si side marginale villreinområde med særleg avgrensa tilgang til vinterbeite. Å sikre villreinen tilgang til desse områda er svært sentralt for villreinreinformaltninga. Undersøkingar har vist at dei nordlege områda i begge villreinområde, altså i Vinje kommune, er særskilt viktige for villreinen vinterstid. I tillegg må det leggast stor vekt på å ta vare på trekkoridorane.
2. Ei veke etter høyringsfristen på Sti og løypeplanen skal det vere ei Heiplansamling på Haukelisæter der tema er «Attraktiv reisemålsutvikling i fjellet». Erfaringar med sti og løypeplanlegging er eit av fleire deltema på seminaret. Dersom det kjem fram nye moment som kan vere viktige for sti og løypeplanen i Vinje, vil Villreinnemda komme utfyllande innspel etter seminaret.

Vedtak til uttale:

Ein sti og løypeplan er eit viktig verkemiddel for å ivareta villreinområda. Villreinnemda ser det som svært positivt at kommunen har utarbeida ein slik plan. Den fremmer gode målsettingar og retningslinjer for å lokalisere ferdsel i forhold til villrein.

Utover dette har Villreinnemda følgjande merknader:

- Villreinnemda saknar ein omtale av dagens løyper og omfanget av bruk. Dette er viktige data for å kunne vurdere behovet for nye løyper og dermed kanalisering av ferdsel. Noverande bruk er og viktig for å vurdere eventuelle konfliktområde mellom ferdsel og villrein.
- Nye forslag til løyper må handterast grundig av kommunen. Når det gjeld villrein inneber det at blant anna at Villreinnemda med fleire får gitt uttale til stiar, skiløyper og sykkelruter som er planlagd i villreinen sine leveområde.
- Eit godt utbygd løypenett vil i stor grad kunne kanalisere ferdsel. Dette vil forhindre mye av trafikken utanfor løyper og inn i sårbare område for villreinen, til dømmes inn i sentrale vinterbeiteområde. Dette betinger at det blir gitt god informasjon/marknadsføring av eksisterande og nye løyper. Når det gjeld informasjon om villrein rår villreinnemda til at kommunen samarbeider med Statens naturoppsyn.
- Setesdal Vesthei og Austheia er frå naturen si side marginale villreinområde med særleg avgrensa tilgang til vinterbeite. Å sikre villreinen tilgang til desse områda er svært sentralt for villreinreinformaltninga. Undersøkingar har vist at dei nordlege områda i begge villreinområde, altså i Vinje kommune, er særskilt viktige for villreinen vinterstid. I tillegg må det leggast stor vekt på å ta vare på trekkoridorane.

Ei veke etter h yringsfristen p  Sti og l ypeplanen skal det vere ei Heiplansamling p  Haukelis ter der tema er «Attraktiv reisem lsutvikling i fjellet». Erfaringar med sti og l ypeplanlegging er eit av fleire deltema p  seminaret. Dersom det kjem fram nye moment som kan vere viktige for sti og l ypeplanen i Vinje, vil Villreinnemnda komme utfyllande innspel etter seminaret.

Arbeidsutvalet syner elles til saksutgreiinga.

Kopi

Fylkesmannen i Telemark
Telemark fylkeskommune
Villreinnemnda for Hardangervidda
Setesdal Ryfylke villreinlag
Setesdal Austhei villreinlag
FNF Telemark



Sak 20/16

Referatsaker / Eventuelt

Utval	Møtedato	Sakshandsamar:
Arbeidsutvalet i Villreinnemnda	12.09.16	Jarle Lunde

1. Blåfjell pumpe. Planendring.

Statkraft Energi søkte NVE om konsesjon til Bygging av Blåfjell pumpe den 11.7.2008 og fikk konsesjon til bygging i 2013. Statkraft orienterer no om planendringar, blant anna vil dei bygge ein villreinterskel.

- [Statkraft, presentasjon av planendring](#)
- [Villreinnemnda, tidligare uttale til detaljplan](#)

Arbeidsutvalet ser positivt på endringane i planane. Jarle gir tilbakemelding til Statkraft.

2. Planlegging av haustmøte i Villreinnemnda

Møte blir framskunda til veke 42, nærare bestemt til Bykle hotell 18.-19. oktober.

Margit, Lill, Tor og Jarle jobbar vidare med innhald når dei møtast på Heiplansamlinga i veke 38.

3. Invitasjon til befaring

NVE inviterer til befaring av område for Borsæ og Hylebu kraftverk i Tokke kommune, 21. september, kl 09.00. Arbeidsutvalet ser det som sær s viktig at villreinnemnda er representert på befaringa. Dei lokale representantane i Tokke, Ann Margit Urbø og Knut Kristian Vadder, blir spurd om dei kan møte.

4. Seminar

- [Seminar: Om besøksforvaltning og innfallsportar til heia](#). Tysdag 13. september, 10.00 – 15.00. Grendehuset på Hovden. Seminaret er eit samarrangement mellom verneområdestyret i SVR og Bykle kommune.

Tommy representerer villreinnemnda.

- [Heiplansamling 21-22. september](#)

Lill og Margit representerer villreinnemnda. I tillegg deltek Tor og Jarle.